



DEN NORSKE KYRKJA

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD MØTEPROTOKOLL

Møtedato: 24.02.2022 kl. 1800

Følgjande medlemmer/vara møtte:

Tor Helge Hardeland(leiar), Johannes Flatnes (nestleiar), Leiv Rossehaug, , Arild Steinsland, Torgeir Tveit Katla og Kristi Tveitaskog

Forfall: Øyvind Tislavoll, Solveig Brynjelsen og Maren K.L. Bårdsen

Tekst for dagen ved Arild Steinsland

Saker som vart behandla:

01/2022 Godkjenning av referat og innkalling.

Informasjon og skriv

02/2022 Rekneskap 2021

03/2022 Årsmelding 2021

04/2022 Vedlikehald Sveio kyrkje - Tak og sakristi

05/2022 Valestrand Kyrkje 150 år - 2023

Sveio, 25.02.2022

Sign

Tor Helge Hardeland
Leiar Fellesrådet

Ottar Krakk
Kyrkjeverje

Signering av protokoll

Johannes Flatnes

Kristi Tveitaskog

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24/02 2022	1/2022	Ottar Krakk	Websak: 21/2 -012

O1/2022 Godkjenning av referat og innkalling

Informasjon og skriv

- **Statsbudsjettet 2022 – Tilskudd til digitale arrangementer og tiltak rettet mot sårbare barn, unge og eldre i regi av tros- og livssynssamfunnene.**
 - Mottatt melding om tilskot på kr. 7800,- til fysiske/digitale tiltak for utsatte grupper. Vert planlagt nytta til streaming av gudstenester.
- **Brev frå Sveio kommune –** Ber oss om å ikkje gjennomføra reduksjon i vedlikehald av gravplassar – vert vurdert i eit seinare møte.
- **Førde kyrkje- sprekkdanningar –** Det har sidan kyrkja var nesten ny vore kjent at det har vore sprekker i kyrkja. Me er usikre på om det har kome fleire til siste tida og har gjort registreringar for å kunne følgje med i ev. utvikling.
- **Eikeland gravplass – status –** Forventar at utvidinga vert sendt ut på anbod i løpet av eit par veker.
- **Nordskog gravplass –** det vert gjort prøvegraving for å sjekka ut om det er noko å gjera med dreneringa, jf dei dårlege jordmassane der. Tilbakemelding om at det ofte manglar vatn til vatning.
- **Diakoni –** kan det opna seg muligheter for å få midlar til diakoni, diakonstilling. Sokneråda vert utfordra til å drøfta tema, og gjerne ta det opp med styret for Sveio Gjenbruksbutikk i samband med at lånet på soknehuset nå nærmar seg nedbetalt. Ein dialog med kommunen om samfinansiering og ev arbeidsoppgåver vil vera neste skritt.
- **Årleg samarbeidsmøte mellom kommune og kyrkje er føreløpig satt til 6.april kl 14.30**

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24/02 2022	1/2022	Ottar Krakk	Websak: 21/2 -012

02/2022 Rekneskap 2021

Rekneskap for Sveio Kyrkjelege Fellesråd for 2021 ligg nå føre. Rekeskapet er ikkje revidert, og vil bli klargjort for revisjon etter behandling i Fellesrådet.

Rekneskapen kjem ut med eit overskot på kr. 131328,- Det eit tilfredstillande rekneskapsmessig overskot på 1,95% av ei omsetnad på 6,76 millionar. Fellesrådet er ikkje ei bedrift som skal drivast med sikte på eit overskot, men ein organisasjon som skal drivast innanfor dei økonomiske rammene som er.

Utgifter relatert til løn utgjer 4,62 millionar. Dette utgjer i overkant av 2/3 deler av budsjettet. Andre større utgifter er straum, forsikring og kommunale avgifter til kyrkjebygga. Dei kalkulerde utgiftene til kommunal tenesteyting utgjer og over ein halv million kroner. Det utadretta arbeidet innanfor trusopplæring, konfirmantarbeid, barnekor mv har hatt noko reduserte utgifter og i 2021 på grunn av avgrensingar i arbeidet. Drift av gravplassar medfører og utgifter til bil og utstyr for drift av gravplassar.

Eg vil nedanfor gå inn på det enkelte ansvarsområde:

57100 – Administrasjon

Her har me eit meirforbruk på kr. 71799,- i forhold til budsjett. Dette kan i hovudsak setjast i samanheng med at det i forhold til budsjett har vore større utbetalingar til løn mv.

57200- Drift kyrkjer

Her har me hatt eit meirforbruk på omlag 210.000,- Hovudårsaken til dette er at me har hatt auke i utgifter til straum med omlag 70000,- meir enn budsjetttert. Det har og her vore noko høgare utgifter til løn mv. Orgla i Sveio, Valestrand og Førde kyrkja har hatt vedlikehald i 2021. Her har me hatt ei utgift på over 44000,- Det har og vore utgifter i samband med brannvarslingsanlegg, drift og reperasjon samt ny teleslynge.

Me har i løpet av 2021 endra litt på praksis vedkomande annonsering. Kostnadane har her auka.

I rekneskapen har me i år ført eigenbetaling ved «utanbygds» gravferder og vigslar under dette kapittelet. Det medfører auka inntekter på 25' her med tilsvarande reduksjon under Administrasjon når ein samanliknar tidlegare år.

57210 – Valestrand Kulturkyrkje

Meirforbruket på kr 13999,- heng i stor grad saman med eit mindre inntekter på arrangement enn forventa. Dette heng delvis saman med ei krevjande driftsår med mindre muligheter for besøkande. Her er det eit eige fond som meirforbruket vert tatt av.

57300 Drift kyrkjegardar

Her er det eit mindreforbruk på i overkant av kr 437000,- Hovudårsaken her er langt høgare inntekter frå festeavgift på graver, 210000,- over budsjett, samt at me kom gunstig ut i samband med langtidssjukemelding og refusjon av lønsutgifter. Samtidig har det i 2021 ikkje blitt kjøpt inn noko særleg med utstyr og maskiner til slått mv. Det har samtidig og vore større utgifter til reparaasjonar av slåtteutstyr mv.

57410 Diakoni

Her kom me ut med eit meirforbruk på kr 4403,- Dette vert tatt av diakonifond. Her bør me samtidig ha ei drøfting av kva utgifter sokna framover skal dekkja sjølv, og kva utgifter som skal dekkast av Fellesrådet.

57420 Trusopplæring

Her går rekneskapen i pluss dette året. Det var sett av nokre midlar til å engasjera enkeltpersonar for konkrete arrangement. Dette er ikkje blitt nytta så mykje som ønskeleg i løpet av året. Innanfor dette ansvarsområde har me over fleire år sett at det er muligheter til å nytta meir midlar for å nå våre mål.

57430 Konfirmantarbeid

I 2021 kjem me her ut med eit overskot, noko som mellom anna heng saman med at det har blitt gjort endringar i kva aktivitetar kunne gjennomførast i 2021. Overskot på kr 26250- vert sett av til fond.

57440 Kyrkjemusikk

Her er eit meirforbruk på kr 15902,- som vert ført mot overskot på andre ansvarsområder. Hovudårsaka her er at julekonsertar med offer til føremålet ikkje vart gjennomført. Ved årsskiftet var det ikkje inneståande midlar på dette fondet.

57450 Barnekor

Her er eit mindreforbruk på kr. 11777,- Drifta av barnekorarbeidet er skilt ut til ein nyoppretta eigen organisasjon i 2021. Samtidig har me likevel utgifter som etter avtale skal dekkast av Fellesrådet. Her vil Kyrkjevevje føreslå at desse midlane vert sett av til eit nytt fond «Barnekorarbeidet» slik at me ev kan dekkja inn framtidig meirforbruk.

Investering

Det som er gjort av investeringar er ført i kommunen sin rekneskap og kjem fram som tenesteyting frå kommunen, jf. note 3 i rekneskapen. Det er i 2021 vidareført planarbeid for utviding av gravplassen på Eikeland samt at det er gjort eit rehabiliteringsarbeid på kapellet på Framnes. Det er og kjøpt inn ny gravemaskin som i hovudsak vert brukt på gravplassane. Det er desse utgiftene som kjem fram her.

Disponible midlar

Sveio kyrkjelege Fellesråd har midlar ståande på fond. Midlane er delvis bundne til spesielle føremål. Det er sett på som føremålstenleg at ulike føremål har anledning til å spara opp litt midlar nokre år og heller bruka litt meir eit anna år. Det er relativt små beløp det her er snakk om, jf. det som er nemnd ovanfor.

Nedanfor følg ein oversikt over tilførte midlar til/midlar tatt av dei ulike fonda.

Ansvarsområde	Bruk av fond	Sett av til fond
57210 Valestrand Kulturkyrkje	13999,-	
57300 Drift Kyrkjegardar		38000,-
57410 Diakoni	4403,-	
57420 Trusopplæring		85084
57430 Konfirmantarbeid		26250,-
57450 Barnekor		11177,-
Totalt;	18402,-	160511,-

Fellesrådet har i tillegg eit disposisjonsfond som me kan nytta dette dersom me eit år kjem ut med eit underskot.

Det er i tillegg vedtatt å årleg setja av midlar til nytt bilkjøp når nåverande kjøretøy er utslitt.

Vi har vidare eit vedlikehaldsfond som det ved utgangen av 2021 står kr. 272428,- på.

Det skal vidare setjast av kr 12991,- til eigenkapitalsinnskott i KLP.

Disponering av overskot 2021

Vi står då igjen med eit rekneskapsmessig overskot på kr 131.328,- som fellesrådet må ta stilling til korleis det skal disponerast.

Vurdering:

Kyrkjeverja vurderer resultatet som tilfredstillande. Samtidig er det eit lite beløp av ein omsetnad på omlag 6,76 million. Dette var omlag 400.000,- høgare enn budsjettert i driftsbudsjettet pga. høgare inntekter en forventa, særleg slår auke i festeavgift ut her. At me kjem ut med eit overskot har sin bakgrunn i at dei tilsette i år igjen har halde seg til budsjett samt at me heller ikkje har fått store ekstraordinære utgifter ut over det som er nemnt ovanfor. Ein vesentleg faktor er og at ein del aktivitet vart avlyst i 2021. Det må forventast behov for meir innkjøp i 2022 enn i dei to siste åra enten det er kontormateriell eller utstyr til vedlikehald av gravplassar mv.

Det at me har noko midlar ståande på fond har gjort det mulig å ta på seg ekstraordinære utgifter når dei kjem. Disposisjonsfondet er pr. i dag høgt nok til at det etter kyrkjevevja sin vurdering ikkje er nødvendig å styrka det vidare.

Kyrkjevevja vil tilrå at me set av overskotet til nødvendige kjøp. Det er mellom anna nødvendig og fornya traktorklipparen. Kostnadane med reoperasjon i 2021 tyder her på behov for fornying. Det bør og vurderast om det skal kjøpast inn ein enkel, gjerne brukt, ATV for å letta arbeidet på gravplassane, særleg i samband med fjerning av overskotsmassar og fjerning av gravminner på sletta graver. Bakgrunnen for overskotet på totalrekneskapen til Fellesrådet er i første rekkje auka inntekter på gravplassområdet. Det er derfor og rimeleg at størstedelen av overskotet vert tilbakeført hit.

Lysanlegget i Førde kyrkja er og i ustand. Kyrkjevevja vil derfor tilrå at deler av overskotet går inn som ei delfinansiering av eit nytt led lysanlegg her. Totalkostnad for anlegget er 45992,- + mva. Soknerådet har gjort vedtak om at det tar den resterande kostnaden på 20000,-.

Dokument i saka:

- Sveio Kyrkjelege Fellesråd – rekneskap 2021

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak:

1. Fellesrådet gjer vedtak om å godkjenna rekneskapen for 2021 under føresetnad av revisjonen sin godkjenning.
2. Overskot på kr 131328,- vert disponert slik:
 - Avsetjing til kjøp av plenklippartraktor; kr. 75000,-
 - Avsetjing til anna utstyr gravplassar; kr. 30328,-
 - Avsetjing til nytt Ledlysanlegg i Førde kyrkje 26000,-

Behandling i møte:

Ulike hovudpunkt i rekneskapen vart gått gjennom.

Sveio Kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak:

1. Fellesrådet gjer vedtak om å godkjenna rekneskapen for 2021 under føresetnad av revisjonen sin godkjenning.

2. Overskot på kr 131328,- vert disponert slik:

- Avsetjing til kjøp av plenklippartraktor; kr. 75000,-
- Avsetjing til anna utstyr gravplassar; kr. 30328,-
- Avsetjing til nytt Ledlysanlegg i Førde kyrkje 26000,-

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24/02 2022	3/2022	Ottar Krakk	Websak: 21/2 -012

03/2022 Årsmelding 2021

Framlegg til årsmelding for driftsåret 2021 ligg nå føre. Kyrkjevevja legg den fram for Fellesrådet til vurdering og vedtak. I årsmeldinga er det tatt med nokre hovudpunkt for arbeidet som er utført i året som har gått.

Dokument i saka;

- Årsmelding 2021

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak:

Alt 1; Fellesrådet vedtek «Årsmelding 2021» for Sveio Kyrkjelege Fellesråd

Alt 2; Fellesrådet vedtek «Årsmelding 2021» for Sveio Kyrkjelege Fellesråd med følgjande endringar:

Behandling i møte:

Kort samtale om rapporten.

Sveio Kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak:

Fellesrådet vedtek «Årsmelding 2021» for Sveio Kyrkjelege Fellesråd

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24/02 2022	4/2022	Ottar Krakk	Websak: 21/2 -012

04/2022 Vedlikehald Sveio kyrkje - Tak og sakristi

Det er lekkasje i taket på Sveio kyrkje. Her må det i løpet av våren gjennomførast kontroll og reperasjon. Kostnadane her er ikkje kjent men det vil vera behov for lift og arbeidsfolk i ein periode på nokre dagar. Muligens lenger, avhengig av kva som vert oppdaga. På sikt vil her vera behov for større rehabilitering av taket. Skifer må av, det må nytt sutak på plass og det kan og vera behov for reperasjon av berande konstruksjonar.

Prestesakristi og det gamle dåpssakristiet er i svært dårleg stand. Dette gjeld m.a. golv, vegger og maling på listverk mv. Romma er estetisk lite fine, men det er og behov for å tette igjen hull, fjerne laus tapet og anna som i verste fall kan vera brannfarlege.

Det er ein god del tekniske/elektriske installasjonar i romma. Dette gjer det meir utfordrande å foreta utbetringar, samtidig og meir nødvendig å gjera noko med romma.

Økonomi

Det er tidlegare sett av noko midlar til eit vedlikehaldsfond. Pr. nå står det 272000,- på dette fondet. Det vil derfor her vera tilstrekkeleg med midlar til sjekk og ein mindre reperasjon av taket. Kva kostnadane er med utbetring av sakristia er ukjent.

Vurdering

Det er heilt nødvendig å få sjekka og utbetra lekkasjepunkt i Sveio kyrkja. Behovet for å gjera noko med sakristia har vore der lenge og etter kyrkjevevja sin vurdering bør me nå få utarbeide eit framlegg til kva som skal/kan gjerast og kva kostnader det vil medføra.

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak:

1. Det vert sett av inntil kr. 50000,- av vedlikehaldsfond til utsjekk og reperasjon av taket på Sveio kyrkje.
2. Det vert utarbeida framlegg til utbetring av sakristia i Sveio kyrkja. Framlegget skal visa kva som skal/kan gjerast og kva kostnadane vil vera. Det vert fremja ny sak for Fellesrådet når framlegg til tiltak og kostnader er klare.

Behandling i møte:

Kort gjennomgang av saka. Det vil vera eit tett samarbeid med kommunen om utsjekk og reperasjon av tak. To av dørene i Sveio kyrkja er nyleg utbetra av Einar Apeland (dugnad).

Sveio Kyrkjelege Fellesråd sitt vedtak:

1. Det vert sett av inntil kr. 50000,- av vedlikehaldsfond til utsjekk og reperasjon av taket på Sveio kyrkje.
2. Det vert utarbeida framlegg til utbetring av sakristia i Sveio kyrkja. Framlegget skal visa kva som skal/kan gjerast og kva kostnadane vil vera. Det vert fremja ny sak for Fellesrådet når framlegg til tiltak og kostnadar er klare.

SVEIO KYRKJELEGE FELLESRÅD		SAKSPAPIR	
Møtedato	Saksnummer	Saksbehandlar	Arkiv
24/02 2022	5/2022	Ottar Krakk	Websak: 21/2 -012

05/2022 Valestrand Kyrkje 150 år - 2023

Sak reist for drøfting i møte:

Arild Steinsland informerte om at Valestrand Kyrkje er 150 år i 2023. Dette bør markerast med jubileumsskrift samt jubileumsgudsteneste/-konsert mv.

Finansiering av tidlegare kyrkjejubileum har tidlegare skjedd gjennom tilskot frå kommune samt bidrag frå lokale bidragsytarar/innbyggjarar.

Pensjonert prost Gunnar Salomonsen har sagt seg villig til å utarbeida eit jubileumsskrift om kyrkja.

Soknerådet bør setja ned ein komité som kan arbeida med jubileet. Temaet bør og tas opp i dialog med kommunen.

Frå Fellesrådet si side er det tidlegare spelt inn at kyrkja bør målast i 2023. Kommunen har i si budsjettsak opna for å gå i dialog med fellesrådet om denne saka. Det er og behov for å gjera noko med singelgangane ved kyrkja. Desse er vanskelege å gå på for dei som går langs kyrkja.